

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne - Reguleringsplan for fv. 57 Gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

### Automatisk freda kulturminne

Forslag til reguleringsplan fv. 57 gang og sykkelveg Lindås tettstad plan id. 1263-201407 - løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne.

### Konflikt med kulturminne-ID 231169 og 231174

Vi viser til motteke brev datert 08.02.2021 med vedlagt forslag til reguleringsplan for Fv. 57 - gang og sykkelveg, Lindås tettstad, Mongstad, Alver kommune, Vestland fylke. Vi viser òg til brev datert 06.04.2021 fra Universitetsmuseet i Bergen med tilråding og fagleg granskning av kulturminna, dei har lagt fram forslag til budsjett for frigjevingsundersøkingane.

Innanfor planområdet er det registrert to lokalitetar som er automatisk freda i medhald av *lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova)* § 4 første ledd. Desse kjem i konflikt med føreslått arealbruk.

### Lovheimel og styresmakt

I samsvar med kulturminnelova § 8 fjerde ledd skal styresmaktene, i samband med behandlinga av reguleringsplanen, ta stilling til om dei kan gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir påverka av planen. Fylkeskommunen/Sametinget er rette styresmakt til å ta avgjerd i slike saker, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven § 3 andre ledd.

### Skildring av kulturminne i planframlegget

Dåverande Hordaland fylkeskommune gjorde arkeologiske registreringar av planområdet i 2017. Totalt blei det registrert ein automatisk freda steinalderlokalitet, Askeladden id 231926, og to automatisk freda jordbrukslokalitetar, Askeladden id 231169 og 231174. Askeladden id 231926 ligg no utanfor planområdet. Det vart og registrert fire ikkje-freda funnstadar frå steinalder, Askeladden id 231932, 231934, 231935 og 231937.

#### 1. Askeladden id 231169, Snekkevika lokalitet 1

Avsviingslag som er datert til overgangen mellom tidleg- og mellomneolitikum, 14C datert til 4730 +/-30 bp (3635-3377 BC). Laget kan representerer den første avsviinga av området før det vart nytta til beitemark, og kan dermed knytast til det tidlegaste jordbruket/husdyrhaldet på Vestlandet.

## 2. Askeladden id 231174, Tjukkhetla

Dyrkingslag frå seinneolitikum, 14C datert til 3510 +/-30 bp (1918-1748 BC), altså frå slutten av yngre steinalder. Dette er ei periode kor ein reknar med at jordbruk for alvor vert etablert på Vestlandet. Direkte vitnesbyrd om dette, som til dømes påvising av korn, manglar framleis i Nordhordland, og lokaliteten er såleis ein moglegheit til å få betre data omkring dette.

### Planforslaget

Vestland fylkeskommune har i samarbeid med Alver kommune utarbeidd reguleringsplan for fv. 57 gang og sykkelveg Lindås tettstad. Prosjektet omfattar om lag 999 daa og strekk seg langs den 10 km lange strekninga av fylkesveg 57 mellom Lindås tettstad og Mongstad. Planforslaget legg til rette for gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Samtidig blir køyrevegen utbetra med utviding og uttretting av veglina fleire plassar. Avkjørsler blir sanert, vegkryss og kulvert utbetra, og kryssing blir etablert for gåande/syklande. Målet for planen er å betre trafikktryggleiken i området.

### Skildring av konflikt mellom arealbruken i planen og kulturminne

Planforslaget er i konflikt med automatisk freda kulturminne (Askeladden id. 231174 og 231169) då lokalitetane ligg i og nær veganlegget, framtidig rigg og anleggsområde og annan veggrunn. For å sikre at ein har tilstrekkeleg vern og rom til aktivitet er dispensasjon frå kulturminnelova sitt vern vurdert til å vera mest tenleg.

### Universitetet i Bergen sine merknader

Universitetet i Bergen ved Fornminneseksjonen er blitt lagt føre planen og er samde i at arealbruken som planen legg opp til er i konflikt med vern av dei automatisk freda kulturminna, og tilrår at det blir gitt dispensasjon frå kulturminnelova § 8.4 ledd for Askeladden id. 231169 og 231174 med vilkår om ei arkeologisk utgraving.

### Vestland fylkeskommune sine merknader og vurdering av saka

Kulturminneforvaltninga skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir tekne hand om på best mogleg måte og nyttiggjorde i eit samfunn i endring. Vi kan gi løye til inngrep i automatisk freda kulturminne etter ei vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vegne opp mot private omsyn og omsyn til samfunnet.

Kulturminneforvaltninga legg vekt på at utbetring av eksisterande fv. 57 og etablering av ny gang- og sykkelveg er tiltak for å betre trafikktryggleiken. Både for mjuke trafikantar og køyrande. Dette er samfunnsnyttige tiltak, og vi ser ikkje at det ligg føre klart betre alternativ. Dyrking- og avsviingslag er forhaldsvis vanlig førekommende kulturminne. Samstundes er det ikkje undersøkt mange slike kulturminne frå neolitikum i området, og ei arkeologisk undersøking kan soleis bidra til å fylle eit kunnskapshol. Kunnskapspotensialet ved ei arkeologisk utgraving av dyrking- og avsviingslaget vurderast som høgt, og ei slik undersøking samanheldt med botaniske prøvar kan kaste ljós over det tidlege jordbruket i regionen.

Etter fylkeskommunen si vurdering kan reguleringsplan for fv. 57 Gang og sykkelveg Lindås tettstad plan id. 1263-201407 godkjennast under føresetnad av at det blir gjennomført ei arkeologisk utgraving av dei råka kulturminna, før tiltak etter planen blir gjennomført, jf. vedlagt kart datert 04.12.20. I samsvar med kulturminnelova § 10 skal tiltakshavaren bere kostnadene for arkeologiske granskingar.

Vedtak om omfang av den arkeologiske granskinga, under dette endelege kostnader og avgrensing av undersøkingsområdet, kan først skje etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken. Vi gjer merksam på at ei arkeologisk utgraving normalt berre lèt seg gjennomføre i sommarhalvåret, og at tiltakshavaren må ta omsyn til dette i planlegginga.

Tiltakshavaren må varsle Vestland fylkeskommune i god tid før han ønskjer å gjennomføre tiltak etter reguleringsplanen. Riksantikvaren vil deretter gjere vedtak om omfanget av den arkeologiske granskinga. Dette vedtaket vil kunne klagast på i medhald av forvaltningslova §§ 28 og 29.

I følge forslaget til budsjett fra Universitetet i Bergen ved Fornminneseksjonen er ei utgraving av dei aktuelle kulturminna Askeladden id 231169 (gnr. 126, bnr. 4) og 231174 (gnr. 118, bnr. 3) vurdert til å koste inntil kr 226 389 i 2021-kroner og satsar. Riksantikvaren vil sjå nærmare på forslaget til budsjett og arbeidsomfang før det blir gjort vedtak etter kulturminnelova § 10.

Kulturminna, med kulturminne-ID 231169 og 231174, er markert i plankartet som *bestemmelsesområde* og tildelt/vist som nr. 30 og 31.

Føljande tekst er innarbeidd i fellesføresegnene til reguleringsplanen under § 3.8:

*b) Før iverksetjing av arbeid i høve til planen skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna:*

*id 231174 som er merka som område for føresegn #30 i plankart 3*

*id 231169 som er merka som område for føresegn #31 i plankart 13*

*c) Tiltakshavar skal ta kontakt med (fylkeskommunen) **Seksjon for kulturarv i Vestland***

*fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga blir fastsett.*

Vi ber om at tekst markert med raudt innarbeidast i § 3.8, c).

#### **Utgifter til arkeologisk gransking**

Tiltakshavaren skal bere kostnadene for granskinga, dersom det ikkje er grunnlag for heil eller delvis statleg dekning, jf. kulturminnelova § 10.

#### **Vilkår for dispensasjon**

Dispensasjonen frå den automatiske fredinga gjennom planvedtaket føreset at den nemnde teksten ovanfor blir innarbeidd i reguleringsføresegnene.

Dersom kommunen gir melding om at den nemnde teksten **ikkje** vil bli innarbeidd i reguleringsføresegnene, og fylkeskommunen ikkje reiser motsegn mot planen, må fylkeskommunen straks varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt reise motsegn mot planen.

#### **Nyare tid**

I tidlegare uttaler omkring kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid har vi særleg vore opptekne av at desse blir omtalt og at verneverdien må vurderast og takast omsyn til i det vidare arbeidet. Det blei også presisert at ein bør søke å unngå inngrep og skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegfar, bakkemurar, tufter m.m. Vi har også vore opptekne av at omsynssonane H-570 i plankartet ikkje skal vere for små, men gi tilstrekkeleg rom for vern. Når det gjeld kulturminne som grensar til planområdet, har vi bedt om at desse blir integrert i planen, slik at dei blir ivaretake gjennom denne.

Totalt sett er tiltaka i samband med ny gang- og sykkelveg sett til å ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. ROS-analaysen konkluderer med at den nye gang- og sykkelvegen i noko grad vil forringje opplevinga av kulturmiljø ved arealbeslag av kulturlandskap, samt ved tap av enkelte steingardar og eit vegfar. Seksjon for kulturarv er no særleg oppteken av at ein i anleggsperioden ser til at kulturminne ikkje blir skada eller øydelagt. Vi vil igjen legge fram at ei utviding av omsynssoner kan vere eit viktig verktøy i så måte. Det er opna opp for at ein køyrer over den Trondhjemiske postveg, i det sørlege planområdet, i anleggsperioden. I føresegnene som omhandlar postvegen er følgjande presisert: «*Det er krav til bruk av matter og sikringstiltak i dette området. Sikringstiltak skal avklarast med kulturminnemynde.*» Vi ber om at same presisering også blir gjeldande i føresegnene for jordkjellarane med omsynssone H570 (§ 5.2.2, b).

Seksjon for kulturarv vil elles påpeike at det er positivt at ein søker å ivareta råka steingardar så langt som mogleg, då desse utgjer eit viktig kulturlandskapstrekk. Det blir i planskildringa også vist til at alle terrengeinngrep skal skje på ein mest mogleg skånsam måte i høve til omgjevnadane, og at mellom anna støttemurar i størst mogleg grad skal oppførast i natursteinsmurar. Å nytte natursteinsmurar vil underbygge og vidareføre den kulturhistoriske bruken av naturstein som viktig byggemateriale.

Vi vil til sist understreke at det er viktig at mellombelse rigg-, anleggs- og deponiområde vert tilbakeført til opphavleg arealføremål så raskt som mogleg etter at anlegget er ferdigstilt. Dette er særskilt viktig for kulturmiljøet sett under eitt.

Med helsing

David J Aasen Sandved  
seksjonssjef

Karoline Hareide Breivik  
fagleiar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Kart - Automatisk freda kulturminne id.231174- Reguleringsplan for fv. 57 Gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad
- 2 Kart - Automatisk freda kulturminne id. 231169 - Reguleringsplan for fv. 57 Gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad

Kopi til:  
RIKSANTIKVAREN Postboks 1483 Vika